

Referat årsmøte Askvoll JFL og Leirduegruppa 27.04.2022

Stad: Leirduebana i Skorva

Til stade: Ida Sofie Ekornrud, Håkon Ekornrud, Torbjørn Leknes, Gunnar Leknes, Magnar Leknes, Kåre Leknes og Eirik Leknes

Signering av årsmøteprotokol: Ida Sofie Ekornrud og Gunnar Leknes

- Innkalling

- Det var ikkje merknadar til innkallinga og denne vart godkjent. Merknad: Ynskje om tidlegare innkalling på året. Forslag var at denne sendast ut i løpet av januar. Det var også forslag om å sende ut innkallinga via Facebook og Messenger, i tillegg til epost, for å nå breiare. Merknaden vart teken til følge og einstemmig vedteke på årsmøtet.
- Torbjørn Leknes vart vald som ordstyrar, og Eirik Leknes som referent.

- Rekneskap og økonomi

- Rekneskapen for begge lag vart funne i orden av årsmøte. Leirduegruppa kan vise til eit overskot på like i overkant av 37 000,-. Hovudlaget kan vise til eit overskot på like i overkant av 13 000,-.
- Styret sitt framlegg til budsjett vart godkjent av årsmøte.
- Det vart gjort framlegg på årsmøte om at medlemskontingenten vert uendra. Dette vart einstemmig godkjent på årsmøte.
- Utbetaling av styrehonorar for styret i hovudlaget til Askvoll JFL har blitt gløymt for 2020 og 2021. Dette vart kommentert på årsmøtet og vert ordna opp i, i 2022.

- Årsmelding

- Årsmeldinga til begge lag vart opplesen og godkjent. Årsmeldinga ligg tilgjengeleg for nedlasting på Askvoll JFL sine sider (<https://www.niff.no/sogn-og-fiordane/askvoll>).

- Oppbevaring av skytevåpen på leirduebana

- Skytevåpen skal oppbevarast i FG-godkjent våpenskap, samt i rom med FG-godkjent dør og lås. Det vart fremja forslag om å gjere innkjøp av FG-godkjent lås til ytterdør til skrivebua og bunkers.

- Kontingentfastsetting og oppgradering av vedtektene

- Nye vedtekter skal vere publisert på neste innkalling for årsmøtet 2023, samt sendast ut på høyring til medlemmane i hovudlaget i førekant av årsmøtet.
- Det vart fremja forslag å nytte lav kontingent, i medhald til kontingentramma vedteke på landsmøtet. Lav kontingent tilsvara kr 730,-.

- Val i medhald til føreskrifter

- o Valkomiteen si innstilling pr. 27.04.2021

Torbjørn Leknes sto på val som leiar. Tok attval, og vart einstemmig valt som leiar eit år til.

Kåre Leknes sto på val i 2022. Det vart fremja forslag om Ida Sofie Ekornrud som ny nestleiar i hovudlaget. Dette var einstemmig ved akklamasjon.

Eirik Leknes sto på val i 2022. Tok attval, og vart einstemmig valt som nestleiar 2 år til.

Arild Johansen er vararepresentant i styret og står på val i 2022, og vart vidare valt som vara i 2 år.

Loyd Mandelid rykker opp som leiar i valnemnda, Gunnar Leknes rykker opp på 2. plass, og Kåre Leknes vart valt som ny representant i valnemnda.

Styrets samansetjing 2022 vert:

Leiar: Torbjørn Leknes

Nestleiar: Ida Sofie Ekornrud

Kasserar: Eirik Leknes

Sekretær: Arild Grytten

Vara: Arild Johansen

Revisor nr. 1 og nr. 2: Leif Follevåg og Svein Follevåg.

Valnemnd:

Leiar: Loyd Mandelid


Medlem: Gunnar Leknes

Medlem: Kåre Leknes

Skorva 27.04.2021

Referent

Eirik Leknes



Ida Sofie Ekornrud



Gunnar Leknes